


Svar på spørsmål frå Astrid Aarhus Byrknes KO 23.02.23

1. Korleis er det med rekrutteringa av kvalifiserte lærarar til Alver kommune?

Alver kommune hadde 133 søkjavarar på den ordinære utlysinga til undervisningsstillingar våren 2020. Tilsvarande tal for 2021 og 2022 var 93 og 104. Basert på tala over kan vi ikkje sjå at søkjartala ved hovudutlysinga før eit nytt skuleår har hatt vesentleg nedgang.

Få lærarar skiftar jobb i løpet av året, og mange ønskjer å arbeide ferdig eit skuleår før dei skiftar jobb. Det er difor meir krevjande å rekruttere mellom dei årlege utlysingane. Ved eit nytt skuleår er det også fleire som er ferdig utdanna og søker tala vert påverka av dette.

Vi har også med oss demografiutviklinga til Alver i åra framover, som vil ha innverknad på korleis rekrutteringsbehovet vil verte for grunnskulen:



2. Kor stor del av dei tilsette i Alver skulen er kvalifiserte lærarar?

Alver kommune har 20 tilsette som arbeider mellombels i undervisningsstillingar utan godkjent utdanning. Dette utgjer 11,9 årsverk. Av desse er 9 stk. under utdanning til å verte lærar. 4 stk. er fagarbeidarar som er omdisponert til lærarstilling mellombels for å løyse eit behov skulen har.

Når vi definerer kven som er kvalifiserte lærarar tar vi utgangspunkt i Opplæringslova sine krav. Dei definerer «relevant fagleg og pedagogisk kompetanse», som grunnlag for å vere kvalifisert. Basert på dette er 96% av lærarane i norske kommunar kvalifiserte.

Forskrifta til loven spesifiserer at dei som skal undervise i skulen skal ha fagleg og pedagogisk kompetanse i samsvar med krava i rammeplanane for lærarutdanningane – eller tilsvarande kompetanse.

Det er omgrepet «tilsvarande kompetanse» som gjer at KS og Utdanningsforbundet har ulike tal på kor mange som er kvalifiserte.
[\(https://www.ks.no/fagområder/lønn-og-tariff/tariff-2022/fakta-rundt-tariff/mange-av-dem-som-underviser-i-skolen-mangler-godkjent-lærerutdanning/ \)](https://www.ks.no/fagområder/lønn-og-tariff/tariff-2022/fakta-rundt-tariff/mange-av-dem-som-underviser-i-skolen-mangler-godkjent-lærerutdanning/)

3. Korleis ligg Alver kommune an når det kjem til konkurransen med andre kommunar vedkommande løn til kvalifiserte lærarar?

Lærarar får fastsett si løn basert på utdanning når dei fyller dei fagleg og pedagogiske krava for tilsetjing. Det er framforhandla av partane sentralt ein tariffavtale som gjev oversikt over garantiløn, samt ulike ansiennitetstillegg. Lærarane har også regulert lønsutviklinga gjennom fastsette stillingskodar basert på kva utdanningsnivå og kor mange studiepoeng ein har.
Alver kommune følgjer denne.

Det stemmer at Alver ikkje har eigne trinn som gjev lønsutteljing når ein er mellom to stillingskodar. Til dømes når ein adjunkt har tatt 30 studiepoeng, men «manglar» 30 studiepoeng for å verte adjunkt med tilleggsutdanning.

Frå arbeidsgjevar si side har vi ikkje opplevd ei lærarflukt på bakgrunn av dette. Vi har fått tilbakemelding på lærarar som er misfornøgd med at dei ikkje har fått utteljing «på veg» til ny løn, men har ikkje fått oppgitt dette som grunn til at nokon sluttar.

Arbeidsgjevar vurderer å gje lønnskompensasjon for vidareutdanning som organisasjonen har behov for, og som er avtalt med nærmeste leiar før studiestart.

KS har også utarbeida ein artikkel om lønsnivå til lærarar som kan gje eit bilet av lønsutviklinga av undervisningspersonalet vs andre grupper:
<https://www.ks.no/fagområder/lønn-og-tariff/tariff-2022/lærernes-lønnstillegg-er-ikke-blitt-nedprioritert/>